

Årsmelding for klagenemnda i Vestland året 2020

1. Innleiing

Klagenemnda i Vestland fylkeskommune legg her fram årsmelding over arbeidet i klagenemnda for året 2020.

Heimel for klagenemnda

Klagenemnda har som oppgåve å handsame klager på enkeltvedtak fatta av fylkeskommunalt organ, med unntak av vedtak gjort av fylkestinget. Kommunaldepartementet er klageorgan over enkeltvedtak gjort av fylkestinget. Enkeltvedtak er vedtak som gjeld rettigheter eller plikter til ein eller fleire bestemte personar. (Jfr. forvaltningslova § 2 b)

Kompetanse

Klagenemnda kan prøve alle sider av det vedtaket som det vært klage over, det rettslege spørsmålet, sakshandsaminga og forvaltningsskjønnet. Ein skal og ta omsyn til nye omstende og tilhøve som ikkje vart vurdert i samband med førsteinstansen si handsaming. Det vert vist til reglement for klagenemnda pkt. 5 og til forvaltningslova § 34.

Sakshandsaming

Sakshandsaminga i klagenemnda følgjer forvaltningslova sine reglar om sakshandsaming. Den instansen som har fatta vedtaket skal handsame klagen som underinstans og kan enten ta klagen til følgje eller ikkje til følgje, avvise klagen eller gjere om vedtaket. Dersom førsteinstansen ikkje tek klagen til følgje går klagen vidare til klagenemnda for endeleg avgjerd.

Overprøving

Klagenemnda sine vedtak er endelege, og kan ikkje overprøvast forvaltningsrettsleg, men etter vanlege prinsipp i norsk rett kan vedtak i klagenemnda og vedtak frå departement overprøvast i rettsapparatet.

2. Samansetjing

Valbolken 2020-2024 for klagenemnda i Vestland fylkeskommune:

Medlemer:

1. Christer Lilleskare Olsen, H, leiar
2. Torunn Hole Olsnes, SV, nestleiar
3. Stig Morten Frøyland, A
4. Kåre Spissøy; MDG
5. Hildegunn Kvamme Skare, FNB
6. Alf Terje Mortensen, FrP
7. Karoline Bjerkeset, SP

Varamedlemer:

1. Agnes Hoshovde Bernes, V
2. Mona Røsvik Strømme, H
3. Eli Merete Hansen Moen, A
4. Boris-Lasse Groth, FrP
5. Dag Rune Mo, A
6. Beate Dybendal Nordvik, H
7. Erlend Haugen Herstad, SP
8. Einar Hadler Jacobsen, FNB
9. Gunn Karin Sande, SP

3. Klagenemnda sine saker i 2020

Saksnr.	Arkivsak	Sakstittel
PS 1/20	2020/1125	Klagesak - klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve i barne- og ungdomsarbeiderfaget
PS 2/20	2020/587	Klagesak - klage på avslag på søknad om endring av vilkår på drosjeløyve
PS 3/20	2020/585	Klagesak - klage på avvisning av søknad på drosjeløyve
PS 4/20	2019/80	Årsmelding for klagenemnda i Hordaland og Sogn og Fjordane - 2019
PS 5/20	2019/80	Møtedato for klagenemnda haust 2020
PS 6/20	2020/818	Klagesak - klage på avslag om søknad om forlenging av styrarordning
PS 7/20	2020/112	Klagesak - klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve i røyrleggarfaget
PS 8/20	2020/1125	Klagesak- klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve i industriell overflatebehandling
PS 9/20	2020/667	Klagesak - klage på avvisningsvedtak
PS 10/20	2020/41910	Klagesak - transportordninga for funksjonshemma
PS 11/20	2020/42438	Klagesak - klage på skriftleg åtvaring i arbeidsforhold
PS 12/20	2020/112	Klagesak- klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve i barne- og ungdomsarbeidarfaget
PS 13/20	2020/1125	Klagesak - avvising av søknad om utvida opplæringstid
PS 14/20	2020/4928	Klagesak - Klage på vedtak om avslag på utvida bruk av avkøyrsløse - fv.5246 - frådelt parsel av gnr. 13 bnr. 92 - Hetlevik - Askøy kommune
PS 15/20	2020/1125	Klagesak - klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve i reinhaldsoperatørfaget
PS 16/20	2020/35346	Klagesak - ikkje bestått fagprøve

Saksnr.	Arkivsak	Sakstittel
PS 17/20	2020/44061	Klagesak - ikkje godkjend oppmelding til fagprøve i kjemiprosessfaget
PS 18/20	2020/1125	Klagesak - klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve i elektrikarfaget
PS 19/20	2020/47773	Klagesak - søknad om fritak frå vurdering i skriftleg sidemål
PS 20/20	2020/49289	Klagesak - klage på vedtak om avslag på søknad om søknad om ny mellombels avkøyrsløse – fv. 5306 Hesthaugvegen - Bergen kommune
PS 21/20	2020/49289	Klagesak. Klage på vedtak om avslag på søknad om etablering av avkøyrsløse frå fv. 5302 til eigedomen Gnr. 186 Bnr. 157, Tertnes i Bergen kommune
PS 22/20	2020/75523	Klagesak. Klage på vedtak. Leige av offentleg areal til uteservering - Bergen kommune - Torget 3 - gnr. 166 bnr. 453 - Felix - Torget 3 Restaurantdrift AS
PS 23/20	2020/75523	Klagesak. Klage på vedtak. Leige av offentleg areal til uteservering - Bergen kommune - Torget 3 - gnr. 166 bnr. 453 - Felix - Torget 3 Restaurantdrift AS
PS 23/20	2020/75523	Klagesak. Klage på vedtak - Leige av offentleg areal til uteservering - Bergen kommune - Torget 9 - gnr. 166 bnr. 457 - Harbour Cafe
PS 24/20	2020/75523	Klagesak. Klage på vedtak- leige av offentleg areal til uteservering - Bergen kommune- gnr. 167 bnr. 1653 - Torget Hotelldrift AS - Egon Kjøttbasaren
PS 25/20	2020/75523	Klagesak. Klage på vedtak - leige av offentleg areal til uteservering - Bergen kommune - Torget 7 - gnr. 166 bnr. 456 - Metz - Torget 7 Servering AS
PS 26/20	2020/75523	Klagesak. Klage på vedtak - leige av offentleg areal til uteservering - Bergen kommune - Torget 13 - gnr. 166 bnr. 459 - Harbour cayo
PS 27/20	2020/75523	Klagesak. Klage på vedtak - leige av offentleg areal til uteservering - Bergen kommune - Torget 15 - gnr. 166 bnr. 460 - Scruffy Murphy - Torget rift 15 AS
PS 28/20	2020/75523	Klagesak. Klage på vedtak - leige av offentleg areal til uteservering -Bergen kommune - Kaigaten 12 - gnr. 167 bnr. 663 - Bergen Brunsj AS
PS 29/20	2020/49289	Klagesak. Klage på vedtak om avslag på søknad om etablering av avkøyrsløse frå Fv. 5302 til eigedomen Gnr. 186 Bnr. 157, Tertnes i Bergen kommune
PS 30/20	2020/70258	Klage på avslag om støtte frå Etablerarfondet for Bergensregionen - Organisk Fertilizer
PS 31/20	2020/70273	Klage på avslag om støtte frå Etablerarfondet for Bergensregionen - Tune Park DA
PS 32/20	2020/70270	Klage på avslag om støtte frå Etablerarfondet for Bergensregionen – J.K.
PS 33/20	2020/70266	Klage på avslag om støtte frå Etablerarfondet for Bergensregionen – SugarWaxBergen
PS 34/20	2020/55424	Fv. 5216 Håkonshellaveien - Bergen kommune – grunnverv
PS 35/20	2020/42438	Klagesak - klage på avvising av klage på tilrettevising
PS 36/20	2020/48820	Klage på vedtak om løyvefritak til The Fjords DA
PS 37/20	2020/49289	Møteplan 2021 for klagenemnda

4. Samandrag

For året 2020 har klagenemnda hatt 6 møter. Klagenemnda har handsama 37 klagesaker.

Klagene fordeler seg på ulike sektorar. Dette er samferdsle (transportordninga for funksjonshemma, skuleskyss og løyvesaker), opplæring (skule og fagopplæring), skriftleg irrettesetjing og saker knytt til vegsektoren (avkøyrssaker, ekspropriasjon og søknad om leige av offentlig areal til uteservering.) Et stort antal av klagesakene gjeld klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve.

Talet på klagesaker har gått ned samanlikna med året 2019. Dette skuldast mellom anna at der er færre klagar som gjeld transportordninga for funksjonshemma. For året 2019 var det 22 klagesaker til handsaming i klagenemnda som gjaldt transportordninga for funksjonshemma. For året 2020 var det ein sak som gjaldt transportordninga for funksjonshemma til handsaming i klagenemnda. Det var også noko færre klager som gjaldt klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve til handsaming for året 2020 enn for året 2019.

5. Kort om dei ulike saksområda som klagenemnda fell inn under for året 2020:

Område:	Tal klagar 2020 (2019)	Klage teke til følgje
Transportordninga for Funksjonshemma <ul style="list-style-type: none">• Avslag søknader om TT-kort• Søknad høgare brukarkvotar	1 (22) (2)	0
Opplæring:		
Klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve	7 (17)	2
Ikkje godkjent oppmelding til fagprøve/ manglande praksis	1 (3)	0
Klage på vedtak om avslag på skuleskyss/ tilrettelegging av skuleskyss.	0 (3)	0
Klage på avslag om fritak frå vurdering i skriftleg sidemål	1	1
Avvisning på søknad utvida opplæringstid	1	0
Samferdsel/mobilitet		
Klage på avslag om endring av vilkår på drosjeløyve.	1 (2)	0
Avslag på løyvefritak	1	0
Avvisning av søknad drosjeløyve	1	0
Forlengelse av styrarordning	1	0
Klager på saker frå INV		
• Byggegrense	0 (3)	
• Avkøyrslar	3 (3)	1 (delvis) / 1 helt
• Ekspropriasjon	1 (2)	1 (delvis)
• Uteservering	7	4 (delvis)
Andre type klagar		
Avvisning av klage	1 (3)	1
Klage på skriftleg irrettesetting/åtvaring	1 (3)	0
Næring		
Klage på avslag, tilskott til etablering	4	0
Kultur		
Klage på avslag, tilskott til diverse kulturtilbod	1	0

5.1 Samferdsel

Transportordninga for funksjonshemma

Det har vore ein nedgang i talet på klagar som har vore behandla av klagenemnda for året 2020 samanlikna med året 2019.

For transportordninga for funksjonshemma er det klare retningslinjer med vilkår om kva som skal til for å kome med i ordninga. Det er ei ny forskrift for transportordninga for menneske med nedsett funksjonsevne (TT-ordninga) i Vestland fylke. Forskrifta vart gjeldande frå den 01.01.2021.

Vi har no eit nytt fylke med to ulike regelverk. Det var til dels store forskjellar i regelverka i dei to tidlegare fylka. Målet er å harmonisere regelverket samt å tenke nytt.

Hovudpunkta i den nye forskrifta for TT-ordninga i Vestland fylke:

- Tilbod til brukarar som har varig sjukdom/nedsett funksjonsevne som ikkje kan nytte det ordinære kollektive rutetilbodet.
- Skal dekke fritidsreiser og reiser som ikkje er dekkja av statlege eller kommunale ordningar
- Hovudregel er at brukar må dokumentere sjukdom/nedsett funksjonsevne som varer i minst 2 år. Men i særskilte høve kan ein gje for kortare periode.
- Fylkeskommunen tar ansvaret for sakshandsaminga.
- Brukar vert godkjent for ein periode basert på sjukdom/nedsett funksjonsevne sin art.
- Administrasjonen nyttar ei legenemnd som rådgjevande organ i tvilstilfelle
- Brukar får rett til ein grunnkvote som vert fastsett i fylkeskommunalt budsjett.

Rullestolbrukarar, blinde/svaksynte, andre brukarar med særskilte behov, og dei som bur 20 km unna næraste servicesenter, vil kvalifisere til utvida kvote

Godkjenninga gjev reiserett i heile Noreg. Eigendel for kvart tur på kr 30,-.

Grunnkvote i TT-ordninga er fastsett av fylkestinget i årleg budsjett. For 2021 er det føreslått kr 5 500. Tillegg til grunnkvote som er fastsett i budsjettet, er det fastsett i regelverket at tunge brukarar får eit fast tillegg basert på art av sjukdom/ nedsett funksjonsevne.

Pr. 31.12.2020 var totalt 15.710 TT-brukarar i Vestland fylkeskommune. Alle TT-brukarane vart samla eit felles IT-system før nyttår 31.12.2020. For året 2020 vart det behandla ca 3.950 søknader om godkjenning som brukar av transportordninga, i det tidlegare Hordaland fylke. I det tidlegare Sogn og Fjordane fylke, vart det behandla ca 300/400 søknader om godkjenning som brukar av TT-ordninga for året 2020.

Det har vore gjeve avslag i 532 saker for året 2020 i det tidlegare Hordaland fylke.

For året 2020 har det berre vore ei klagesak til behandling i klagenemnda. Dette er ein sterk nedgang frå året 2019, då det var 22 klagesaker. Ein har forsøkt å sjå på årsakene til dette. Ein av årsakene til dette kan vere at ein er blitt flinkare til å etterlyse betre dokumentasjon både i saker der ein gjer vedtak om avslag og i klagesaker. Nokre av klagesakene har ført til at vedtak om avslag vert omgjort. Nokre av søkjarane vel å søke på nytt og leggje fram ny dokumentasjon, i staden for å klage på eit tidlegare avslag.

Drosjeløyve

Det var 3 saker knytt til løyver for året 2020. I tillegg var det ein sak som gjaldt klage på avvisning av søknad om drosjeløyve. Ei sak gjaldt klage på avslag på søknad om endring av drosjeløyve, ei sak gjaldt klage på avslag på søknad om forlenga styrarordning og den tredje saka gjaldt klage på vedtak om løyvefritak. Dette er ei nedgang i talet på klagesaker på løyveområdet, samanlikna med året 2019 då det var 11 klagesaker til behandling i klagenemnda.

5.2 Vegsektoren

For året 2020 har klagesakene frå vegsektoren vert innan områda klage på vedtak om avslag på etablering/utvida bruk av avkøyrsløse, ekspropriasjon og klage på vedtak som gjaldt leige av offentlig areal til uteservering. Det var inga saker som gjaldt klage på avslag om dispensasjon frå byggegrense i året 2020. For året 2019 var det 3 saker som gjaldt klage på avslag om dispensasjon frå byggegrense. I 2020 var det 3 klagesaker som gjaldt klage på avslag om etablering/utvida bruk av avkøyrsløse. Dette er det same antal klagesaker som for året 2019. Det var ei sak som gjaldt ekspropriasjon i 2020 mot to saker i 2019.

Det var 7 klagesaker som gjaldt klage på vedtak leige av offentlig areal til uteservering for året 2020, mot inga klagesaker innanfor dette området i 2019. Vestland Fylkeskommune må godkjenne bruk av areal til uteservering både som grunneigar og som vegstyresmakt. Bergen kommune har egne retningslinjer for uteservering på offentlig grunn i Bergen sentrum. Det var 6 klagesaker som var i området Torget og ei klagesak som gjaldt uteservering i Kaigaten. Klagesakene var behandla på møte den 08.12.2020. Før møtet var det synfaring i alle sakene, der klagarane og deira representantar var invitert med. Avdeling for Infrastruktur og veg leia synfaringa. Partane var og invitert med som tilhøyrarar i møtet. Det var og synfaring i ei sak som gjaldt klage på vedtak om etablering av avkøyrsløse same dag.

5.3 Fagopplæring

Saker som har vore til behandling i klagenemnda for året 2020 som gjeld fagopplæring er:

- Ikkje godkjent oppmelding til fag/sveineprøve
- Klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve
- Klage på vedtak om avslag på søknad om fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål.

Dei fleste av desse klagesakene gjeld klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve. Her er det sju saker i 2020. Dette er imidlertid ein nedgang frå året 2019 då det var 17 klagesaker til behandling i klagenemnda. I desse klagen er det hevda at det er gjort formelle feil under avviklinga av fagprøva. Det er dette klagenemnda skal ta stilling til. Den faglege vurderinga vert ikkje teken til behandling i klagenemnda. Klage på formelle feil skal behandlast særskilt etter reglane i forskrift til opplæringslova § 5-14 fjerde til sjette ledd.

Nokre gonger vert det klaga både på det faglege og formelle feil i ein og same klage. Det er nok karakteren som har størst fokus ved stryk på ein fagprøve, og det er logisk at ein har fokus på dette, før ein rettar merksemda mot formelle feil kring fagprøva.

5.4 Andre typar av klagesaker:

Det skal og nemnast at det for året 2020 mellom anna har vore 4 klagesaker innan næringsområdet som gjeld avslag på søknad om støtte frå Etablararfondet for Bergensregionen. Det var inga tilsvarande saker for året 2019. Det har og vore ei klagesak innan kulturområdet som gjaldt klage på avslag om tilskot til kulturtilbod. Det var inga tilsvarande saker for året 2019. Det har vore ei sak som gjaldt skuleskyss. Dette er ei nedgang frå året 2019. Klagenemnda har behandla 2 saker som gjaldt avvising av klage. Ei sak gjaldt avvising av klage innanfor løyveområdet, den andre saka gjaldt avvising av søknad om utvida opplæringstid.

6. Saksgang og sakshandsamingstid.

6.1 Saksgang

Det er enkeltvedtak som kan klagast på. Når underinstansen får inn klage på eit enkeltvedtak må den som er underinstans behandle klaga og saka på nytt. Underinstansen skal gjere dei undersøkingar som er naudsynt for at saka og det som klagen grunnar seg på, er så godt opplyst som mogeleg. Dette går fram av forvaltningslova § 33. Underinstansen vurderer saka på nytt. Den kan fasthalde sitt eiga vedtak, oppheve vedtaket eller å endre vedtaket/gjere eit nytt vedtak. Dersom underinstansen opprettheld sitt vedtak, så skal saka sendast klagenemnda for endeleg avgjerd.

Klagesaka vert deretter behandla og førebudd, fylkesrådmannen legg fram saka for klagenemnda. Klagenemnda sitt vedtak er endeleg og kan ikkje klagast på.

6.2 Saksbehandlingstid

Saksbehandlingstida for klagesakene kan delast i to.

1. Tida frå klagen vert motteken av underinstans til den vert sendt til sekretariatet for klagenemnda:

Underinstansen skal gjere dei undersøkingane som er naudsynt for at klaga skal vere så godt opplyst som mogeleg. I nokre av sakene kan dette ta noko tid. Av dei sakene som har vore til handsaming for året 2020 er saksbehandlingstida hos underinstansen på gjennomsnittleg 3,6 månader.

2. Tida frå klagesaka vert motteken til handsaming og til klagenemnda handsamar saka i møte og vedtak vert fatta:

Klagesaker som vert sendt til klagenemnda vert stort sett behandla i første møte som klagenemnda har, etter at saka er motteken av sekretariatet for klagenemnda. Saksbehandlingstida er vanlegvis ikkje lenger enn tidsintervallet mellom nemnda sine faste møter. Saksbehandlingstida hos sekretariatet for klagenemnda var på gjennomsnittleg 3,4 månader for året 2020. Det at den gjennomsnittlege saksbehandlingstida kan synast noko høg, kan ha si årsak i at sekretariatet måtte innhente nye opplysningar i nokre av sakene og at sekretariatet kort tid før sumaren 2020 mottok et stort tal klagesaker. Desse sakene gjer at saksbehandlingstida gjekk noko opp. Unntaksvis kan det og vera saker som tek lenger tid enn gjennomsnittet, grunna i at sakene er komplekse og krevjande saker, de kan ta tid å få fram faktum og setje seg inn i det rettslege grunnlaget.

Dersom det er saker som haster eller det er stor mengde av saker som skal behandlast, kan klagenemnda kalle inn til ekstramøte.